



Arkivnr: 2014/11976-35  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		11.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

## Omklassifisering av Fv. 48 gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen

### Samandrag

Etter veglova § 7, 1 ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen der vegen ligg, skal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Strekninga utanfor Moshovdatunnelen som er føreslege omklassifisert går frå kryss med ny fylkesveg 48 i vest til den møter krysset ved Helland i aust. Den funksjonen vegen har i dag etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel, er som lokalveg med tilkomst til bustader. Denne funksjonen tilseier omklassifisering til kommunal veg.

Statens vegvesen føreslår at gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen i Fusa kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Fylkesrådmannen har ikkje merknad til dette, og er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen på Fv. 48, vert omklassifisert til kommunal veg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.10.2015

Strekninga utanfor Moshovdatunnelen som er føreslege omklassifisert går frå kryss med ny fylkesveg 48 i vest til den møter krysset ved Helland i aust. Den funksjonen vegen har i dag etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel, er som lokalveg med tilkomst til bustader. Denne funksjonen tilseier omklassifisering til kommunal veg.



I følgje kriterier for klassifisering skal grensa mellom fylkeskommunale vegar gå mellom samleveg og adkomstveg, slik det kjem fram av vegnormalane (Jf. HB N100). Fylkesvegar vil vera lokalvegar som set bygder og grender i forbindelse med riksvegar eller direkte med byer og større sentra. Kommunale vegar omfattar fyrst og fremst det ein karakteriserar som bustadsgatar mm.

Grunnjevninga frå Statens vegvesen om å nedklassifisera denne til kommunal veg er at denne gamle fylkesvegen er vorten betydeleg avlasta og har endra sin funksjon (sjå vedlegg 1, brev frå Statens vegvesen av 31. august 2015).

Statens vegvesen gir slik tilråding med følgjande forslag til statusendring:

- Fylkesveg (FT) 48, Hp.18 – mellom kryss ved Helland i aust til nytt kryss i vest ved Hafskordalen – lengde 2986 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg i tillegg til gåande og syklande.

Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Fusa kommune skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast»

Etter veglova § 7, 1 ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen skal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Fusa kommune har gitt uttale til saka (sjå vedlegg 2).

Statens vegvesen føreslår at gamlevegen utanfor Moshovdatunnelen i Fusa kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Fylkesrådmannen har ikkje merknad til dette, og er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.